



Møteprotokoll

Utval:	Fitjar kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Fitjar Rådhus,
Dato:	25.03.2026
Tid:	10:00 – 11:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Elisabeth Rydland Sæbø	Nestleiar	SP
Bjørg Tislevoll	Medlem	H
Rolf Atle Rolfsnes	Medlem	KRF

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Aleksander Skogsrud	LEDER	AP
Johan Ove Sørfonn	MEDL	UAVH.

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Thomas Bøe Slettemark	Johan Ove sørfonn	INP

Andre som møte:

Malene Hopsdal Grønningen, Vestland fylkeskommune
Wenche Tislevoll, ordfører Fitjar kommune

Ingen av vararepresentantene til Kjell-Aleksander Skogsrud hadde anledning til å møte.
Nestleiar Karen Elisabeth Rydland Sæbø (Sp) fungerte som møteleiar.

Karen Elisabeth Rydland Sæbø
nestleiar

Malene Hopsdal Grønningen
utvalssekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 2/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 3/26	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 21.01.2026	2024/23	
	Politiske saker		
PS 8/26	Forvaltningsrevisjon av landbruksforvaltning i Fitjar kommune - vidare handsaming	2026/1	
PS 9/26	Bestilling av kurs frå Deloitte AS	2023/350	
PS 10/26	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/499	
PS 11/26	Eventuelt	2023/498	

GK 2/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 25.03.2026 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknad til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 3/26 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 21.01.2026

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 21.01.2026 vert godkjent.

Saksprotokoll 25.03.2026 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknad til protokoll frå møte 21.01.2026.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 21.01.2026 vert godkjent.

PS 8/26 Forvaltningsrevisjon av landbruksforvaltning i Fitjar kommune - vidare handsaming

Forslag til vedtak

1. Det er ikkje forslag til vedtak i saka, men fleire refleksjonar.

Saksprotokoll 25.03.2026 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om saka i tråd med saksframlegget og svara på spørsmål frå kontrollutvalet. Ordføraren svarte og på spørsmål knytt til kommunestyret sitt vedtak.

Kontrollutvalet drøfta vidare moglege løysingar for den vidare framdrifta i saka. Det kom fram ulike synspunkt og innspel, og utvalet uttrykte usemje med kommunestyret sitt vedtak.

Vedtak

1. Utvalet utarbeider ei oversikt over dei samla kostnadene og sender denne saman med ei formell henvending til formannskapet, der dei ber om at nødvendige midlar blir stilte til disposisjon for å gjennomføre forvaltningsrevisjonen.
2. Kontrollutvalet tek kommunestyret sitt vedtak til etterretning og ønskjer i første omgang ei orientering frå kommunedirektøren om landbruksforvaltninga i Fitjar kommune. Utvalet ber om at kommunedirektøren held ei orientering i møtet 27.05.2026, og at det blir sendt ei skriftleg orientering i innan 13.05.2026.
3. Kontrollutvalet vil understreke at sjølv om kommunelova berre stiller krav om gjennomføring av minst éin forvaltningsrevisjon i valperioden, er det uheldig at den økonomiske ramma som kommunestyret har vedteke, i praksis avgrensar moglegheita for å gjennomføre fleire. Utvalet peikar på at ei så stram ramme reduserer handlingsrommet vesentleg dersom det oppstår behov for å følgje opp saker som krev særleg merksemd i løpet av perioden.

PS 9/26 Bestilling av kurs frå Deloitte AS

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre kurs innan.....og ønskjer at kurset vert gjennomført i første halvår 2025.
2. Sekretariatet vert bedt om å ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Saksprotokoll 25.03.2026 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om at Deloitte tidlegare har inkludert kurs som ein del av avtaleprisen med kommunane. For Fitjar kommune, som inngjekk ny avtale med Deloitte i 2025, er kursverksemd no endra til timebaserte tenester.

På bakgrunn av kontrollutvalet sin noverande økonomiske situasjon, vart det lagt til grunn at det ikkje er aktuelt å bestille kurs på noverande tidspunkt. Eventuell bestilling av kurs kan vurderast i samband med neste budsjetthandsaming, der det kan setjast av midlar til formålet.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek til etterretning at det ikkje er sett av midlar til kurs, og vedtek å ikkje bestille kurs på noverande tidspunkt.

PS 10/26 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 25.03.2026 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

PS 11/26 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 25.03.2026 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet uttrykte eit ønskje om å følgje opp rekneskapen frå førre år, og ber sekretariatet sende ei førespurnad til økonomisjefen i Fitjar kommune om å få oversikt over kva del av budsjettet som vart brukt i fjor, samt status for forbruk så langt i inneverande år.

Medlemmene i kontrollutvalet som deltok på folkevaldopplæringa gav og ei kort orientering om sine erfaringar der.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber sekretariatet sende ei førespurnad til økonomisjefen i Fitjar kommune om å få ei oversikt over budsjettforbruket i fjor, samt status for forbruk så langt i inneverande år.